

# INNKALLING TIL MØTE I PARLAMENTET 28.11.17

Tid og Stad: Tysdag 28. Oktober 10:00-16:00, Høgskulen i Innlandet – Elverum, Klasserom 4

Til: Medlem- og vararepresentantar i studentparlamentet, Arbeidsutvalet, Kontrollkomiteen, Valkomiteen, Sentralstyret.

Kopi: Høgskulen i Innlandet, Studentsamskipnaden i Innlandet

Sakskart og tidsplan:

SAK	TITTEL	TID
	Lett servering	10:00-10:30
	Innføring i studentpolitikk v/Oliver og Kristin	10:30-11:30
PM 01/17	Konstituering	11:30-11:45
PM 03/17	Revidering av Forretningsorden	11:45-12:00
PM 04/17	Orienteringar	12:00-12:30
PM 16/17	Revidering av vedtektene – andre gongs behandling	12:30-13:00
PM 11/17	Revidering av vedtektene – fyrste gongs behandling	13:00-14:00
	Mat	14:00-14:30
PM 13/17	Rammebudsjett 2018	14:30-15:00
PM 15/17	Revidering av økonominstruksen	15:00-15:15
PM 12/17	Diskusjonssak – Utviklingsavtale KD	15:15-15:45
PM 17/17	Diskusjonssak – Prinsippprogrammet	15:45-16:15
PM 18/17	Val av delegasjonsleiar til NSOs landsmøte	16:15-16:45
PM 19/17	Sak unntatt offentlighet	16:45-17:00
	Middag	17:00

## Vedlegg:

1. Forretningsorden
2. Valreglementet
3. Vedtektene
4. Førehandsinnsendte endringsforslag – Forretningsorden
5. Førehandsindsendte endringsforslag – Vedtekter
6. Instilte endringsforslag frå møtet 31.10.17 – Vedtekter
7. Forslag til rammebudsjett 2018
8. Førehandsindsendte endringsforslag – Økonomiinstruksen
9. Vedlegg til diskusjonssak om utviklingsavtalen
10. Utkast til prinsippprogram

Kan du ikkje møte gir du beskjed snarast til [gaute.kornberg@inn.no](mailto:gaute.kornberg@inn.no) med kopi til [stinn@inn.no](mailto:stinn@inn.no), og kontakt din vararepresentant slik at den kan møte for deg.

Gaute Myhren Kornberg  
Leiar i StInn

## **PM 01/17 Konstituering**

SAKSBEHANDLAR : ARBEIDSUTVALET, Gaute Myhren Kornberg

SAKSFRAMLEGG:

### **PM 01/17 – 01 Godkjenning av innkalling, sakskart og tidsplan**

Innkalling og saksliste blei sendt ut 21.11.17.

### **PM 01/17 – 02 Godkjenning av protokoll frå sist møtet**

Protokoll ligg vedlagt i e-post

### **PM 01/17 – 03 Val av Møteleiing og referentar**

Arbeidsutvalet innstiller på Emil Henningsmoen og Kristian Sjøli som møteleiarar og Erling Relling som referent.

### **PM 01/17 – 04 Val av teljekorps**

Arbeidsutvalet innstiller på kontrollkomiteen som teljekorps.

### **PM 01/17 – 05 Behandling av fråvær**

Fråværssøknadar blir lagt fram på møte ved leiar av StInn

## **SENTRALSTYRETS INNSTILLING**

01: Parlamentet vedtek innkalling, sakskart og tidsplan

Sak PM 01/17- 02 blei ikkje realitetsbehandla av SST.

03: Emil Henningsmoen og Kristian Sjøli veljast til møteleiar, og Randi Kirkeby og Erling Relling veljast som referentar.

04: Parlamentet vel kontrollkomiteen til teljekorps

05: Parlamentet godkjenn fråvær

Forslag 03 og 04 omhandlar val og blir ikkje instilt på av sentralstyret jf. vedtektene § 3.1.

**PM 03/17 Forretningsorden**

**SAKSBEHANDLAR : ARBEIDSUTVALET, Gaute Myhren Kornberg**

**SAKSFRAMLEGG:**

Forretningsorden skal regulere den praktiske gjennomføringa av møte i parlamentet jf. vedtektene § 2.4.

Forretningsorden blir normalt vedteke på fyrste møte i parlamentet kvar periode. Forretningsorden er underlangt vedtektene i StInn.

Forretningsorden skal bidra til å sikre at alle har lik forståing av korleis eit møte i parlamentet skal gjennomførast på ein ryddig, effektiv og demokratisk måte.

**ARBEIDUTVASLGETS VURDERING:**

Denne saka har blitt meldt opp på av Kontrollkomiteen. Dette gir eit signal om at det eksistera usemje om korleis parlamentsmøta skal fungere optimalt.

Arbeidsutvalet ynskjer velkomen forslag som kan være med på å styrke møtegjennomføringa slik at den blir meir effektiv. Det blei meldt opp før sju-dagars fristen slik vedtektene § 2.5 sjette avsnitt krever. Parlamentet er difor pliktig å behandle det.

**VEDLEGG I SAKA:**

Forretningsorden til studentparlamentet i StInn

**SENTRALSTYRETS INNSTILLING**

01: Parlamentet reviderer forretningsorden.

**PM 04/17 Orienteringssaker**

SAKSBEHANDLAR: ARBEIDUTVALET, Gaute Myhren Kornberg

**SAKSFRAMLEGG:**

Orienteringane vert einskildvis vurdert og skal gje parlamentet eit innblikk i arbeidet som har vorte gjort sidan siste parlamentsmøte. Orienteringane kan leverast skrifteleg eller munnleg til parlamentet.

- Orienteringar frå Arbeidsutvalet
- Orienteringar frå Studentrådsstyra
- Orienteringar frå Høgskulestyret
- Orienteringar frå Styret i SINN
- Orienteringar frå nasjonal studentpolitikk
- Økonomistatus STINN
- Råd og utval
- Kontrollkomiteen
- Valkomiteen

**SENTRALSTYRETS INNSTILLING**

01: Parlamentet tek alle orienteringane til etterretning

## PM 16/17 Revidering av vedtektene – andre gongs behandling

SAKSBEHANDLAR: ARBEIDUTVALET, Gaute Myhren Kornberg

### SAKSFRAMLEGG:

Parlamentet behandla 31.10.17 på parlamentsmøtet på hamar vedtektene for fyste gong. Der blei innsendte forslag innstilt vedteke eller avvist. På parlamentsmøte 28.11.17 skal parlamentet vedta dei innstilte forslaga. Forslaga treng 2/3 fleirtal for å bli vedteke.

### GJENOMFØRING AV REVINGERING:

Frå vedtektene:

#### § 10.1 Endring av vedtekter

*«Vedtektene endres ved at man behandler og innstiller endringsforslagene på et parlamentsmøte, og vedtas på det påfølgende møtet. Vedtak om endring krever to tredjedels flertall i parlamentet. Hvis endringsforslagene ikke vedtas på det påfølgende møtet vil forslaget falle selv om det ble innstilt vedtatt på det første.»*

### VEDLEGG I SAKA:

1. Gjeldande vedtekter
3. Endringsforslag som er innstilt vedteke av parlamentet.

## SENTRALSTYRES INNSTILLING

01: Parlamentet revidera vedtektene.

## PM 11/17 Revidering av vedtektene – første gongs behandling

SAKSBEHANDLAR: ARBEIDUTVALET, Gaute Myhren Kornberg

### SAKSFRAMLEGG:

Kva er vedtekter?

Vedtekter er «grunnlova» til organisasjonen. Vedtektene skildrar blant anna kva føremålet med organisasjonen er, kva han jobbar for, kven som kan krevjast av tillitsvalte, og korleis organisasjonsdemokratiet fungerer. Det er viktig å bruka god tid på å behandle vedtektene, då unngår man unødige konflikter og diskusjonar som tek fokuset vekk frå det som man eigenleg skal arbeida med.

### ARBEIDUTVALETS VURDERING:

Det har kome endringsforslag til vedteke, hovudsakleg frå sentrale organ i organisasjonane. Når man sender endringsforslag ser man at vedtektene har forbedringspotensialet. Vedtektene er StInns viktigste dokument som har konsekvenser for organisasjonens drift, derfor er det viktig med god debatt om forslaga.

### GJENOMFØRING AV REVINGERING:

Frå vedtektene:

#### § 10.1 Endring av vedtekter

*«Vedtektene endres ved at man behandler og innstiller endringsforslagene på et parlamentsmøte, og vedtas på det påfølgende møtet. Vedtak om endring krever to tredjedels flertall i parlamentet. Hvis endringsforslagene ikke vedtas på det påfølgende møtet vil forslaget falle selv om det ble innstilt vedtatt på det første.»*

### VEDLEGG I SAKA:

1. Gjeldande vedtekter
2. Innkomne endringsforslag til innstilling

## SENTRALSTYRES INNSTILLING

01: Parlamentet behandlar innkomne endringsforslag og innstiller.

## PM 13/17 Rammebudsjett 2018

SAKSBEHANDLAR: ARBEIDUTVALET, Gaute Myhren Kornberg

### SAKSFRAMLEGG:

Parlamentet skal godkjenne årsbudsjettet for kommende år ved andre ordinære møte før budsjettårets start, som normalt vil være på andre ordinære møte på haustsemesteret jf. vedtektene § 2.5 saker som studentparlamentet skal behandle.

Den økonomiske driftsinntektene er tildelt etter avtale mellom StInn og høgskulen i samsvar med UH-lova § 4-1 (3):

*«Institusjonen skal legge forholdene til rette slik at studentorganene kan drive sitt arbeid på en tilfredsstillende måte. Omfanget av tilretteleggingen skal spesifiseres i en avtale mellom institusjonen og det øverste studentorgan.»*

Kva er eit rammebudsjett?

Eit rammebudsjett set dei overordna rammene av runde summar for aktiviteten til organisasjonen det kommande kalenderåret. Rammebudsjettet er høvet til parlamentet til å gje arbeidsutvalet nokre klare, men overordna, føringar for korleis midlane til organisasjonen skal disponerast. Ansvar for å vedtaka eit spesifisert budsjett ligg hos arbeidsutvalet.

### ARBEIDUTVALETS VURDERING:

Parlamentet vedtok rammebudsjett for 2018 på møtet 31.10.17. Arbeidsutvalet ønsker at parlamentet vedtek rammebudsjettet 2018 på nytt med posten som viser summen som blir gjeve til lokale organ.

### VEDLEGG I SAKA:

RAMMEBUDSKJETT 2018

## SENTRALSTYRETS INNSTILLING

01: Parlamentet godkjenner rammebudsjettet 2018

**PM 15/17 Revidering av økonomiinstruks**

SAKSBEHANDLAR: ARBEIDUTVALET, Gaute Myhren Kornberg

**SAKSFRAMLEGG:**

I samsvar med vedtektene § 9.2 skal stinn ha ein instruks for økonomisk forvaltning. Økonomiinstruksen blei vedteke i interim-parlamentet for å regulere økonomistyringa og rutineane ved aktivitet som har direkte eller økonomisk betydning for organisasjonen. Den angir kven som har interne fullmakter i organisasjonen, kva prosedyre som skal fyljast og kva satsar som gjeld. Det ligg ikkje noko føringar i vedtektene når revidering av økonomiinstruksen skal gjærast.

**ARBEIDUTVALETS VURDERING:**

Denne saka har blitt meldt opp på av Kontrollkomiteen. Det blei meldt opp før sju-dagars fristen slik vedtektene § 2.5 sjette avsnitt krever. Parlamentet er difor pliktig å behandle det.

**VEDLEGG I SAKA:**

Økonomiinstruksen

**SENTRALSTYRETS INNSTILLING**

01: Parlamentet reviderer økonomiinstruksen.



**PM 12/17 Diskusjonssak – Utviklingsavtale KD**

SAKSBEHANDLAR: ARBEIDUTVALET, KRISTIN ALDRIDGE

**SAKSFRAMLEGG:**

Utviklingsavtalen HiNN har med KD (kunnskapsdepartementet) er en måte for høgskolen å velge ut noen ekstra fokusområder som skal satses på, og som det skal legges ekstra ressurser inn i. Delmålene og måleindikatorene er fortsatt under utarbeidelse, og vi har her mulighet til å komme med direkte innspill, og forslag til bedre eller andre formuleringer.

**Vurdering:**

Ønsker innspill på om det er noe dere er:

- Fornøyd med,
- Misfornøyd med,
- Ønsker endring av eller
- Ønsker tillegg av.

**Vedlegg i saka:**

1. Oversendelse av endelig forslag til utviklingsavtale
2. Utviklingsavtale måleindikatorer
3. Utviklingsavtale 2.11.17

**SENTRALSTYRES INNSTILLING**

01: Utviklingsavtalen blir diskusjonssak til parlamentet hvor innspillene som kommer blir tatt med videre i arbeidet.

## PM 17/17 Diskusjonssak – prinsippprogrammet

SAKSBEHANDLAR : ARBEIDSUTVALET, Sofie Bergstrøm

### SAKSFRAMLEGG:

I løpet av de siste 4 ukene har Arbeidsgruppa: prinsippprogram jobbet iherdig med å ferdigstille prinsippprogrammet slik at det kan vedtas på parlamentsmøtet 28.11.

Grunnet blant annet kort frist har arbeidsgruppen tatt en avgjørelse på at de utsetter prinsippprogrammet som en vedtakssak og det legges heller frem på første ordinære parlamentsmøte i 2018. Arbeidsgruppen har sett det som viktig å diskutere de politiske sakene med både SST og Parlamentet for at prinsippprogrammet skal inkludere alle saker av betydning for StInn.

Det planlegges et seminar på nyåret der prinsippprogrammet skal diskuteres nøye og punktvis, det arbeidsgruppa ønsker av parlamentet er å diskutere følgende problemstillinger, merk ikke gå inn i detalj da dette vil tas på et senere tidspunkt.

1. Når det kommer til punkter som allerede er nedsatt i loven (bl.a. studentrepresentasjon i alle råd, utvalg og styrer), synes parlamentet at dette likevel skal stå skrevet i prinsippprogrammet, eller skal vi kun forholde oss til en gjennomgående ”drømmesituasjon”?
2. Bør dokumentet være av den lengden (og detalj) som er vedlagt per dags dato, eller bør det kortes ned og gjøres mer generelt?
3. Bør prinsippprogrammet inkludere lokale saker på studiesteds-/fakultetsnivå eller bør det holdes generelt og inkludere alle studiesteder/fakulteter (merk: se også kapittel 0: innledning der dette tas hensyn til)
4. Hva synes parlamentet om dokumentet i sin helhet? Er det oversiktlig nok? Bør det inkludere underoverskrifter i større grad (se kap. Læringsmiljø)?
5. Synes parlamentet at dokumentet skal ha en mer juridisk utforming (mer likt vedtektene) med kapitlene som 3.0, evt underoverskrifter som 3.1, 3.2 osv og punktene som 3.1.1, 3.1.2 osv?
6. Hva synes parlamentet om kap 0: innledning? Har det en plass og funksjon i prinsippprogrammet? Bør det være lignende ”innledninger” under hvert kapittel?

### Vedlegg i saka:

Utkast til prinsippprogram i StInn

## SENTRALSTYRETS INNSTILLING

01: innspillene og diskusjonen tas med videre i arbeidet.

**PM 18/17 Val av delegasjonsleiar for NSO's landsmøte**

SAKSBEHANDLAR : Valkomiteen, Mailén Evita Leithe

**SAKSFRAMLEGG:**

j.f §6 i valgreglementet skal VK innstille på delegasjonsleder til NSO's landsmøte.

VK valgte her å lage et kontaktskjema der mulige kandidater kunne melde seg frem til 14.11.17. Etter utløpt frist hadde VK en åpen diskusjon om hvilken kandidat som skulle innstilles som delegasjonsleder.

VK innstiller på at Gaute Kornberg velges som delegasjonsleder for NSO's landsmøte. Grunnlaget for dette er at Gaute anses som den kandidaten som har mest erfaring.

**VEDLEGG i SAKA:**

*Valgreglementet*

**INNSTILLING**

Valgkomitéen innstiller på at Gaute Kornberg velges som delegasjonsleder for NSO's landsmøte.

**PM 19/17 Sak unntatt offentlighet**

SAKSBEHANDLAR : Kontrollkomiteen

Saksframlegg:

Kontrollkomiteen har meldt ein sak som dei ynskjer unntatt offentlegheita.

**INNSTILLING**